

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 01.06. 2010 kl. 12.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Ove Paulsen og Sigvald Sæther

Gunnar Morsund tok del i sak 12/10, varamedlem Ruth Roald tok del i dei andre sakene.

= 5 voterande

Petra Riste Synnes hadde meldt forfall

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte
dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte
dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå kommunen møtte teamkoordinator i NAV Giske Roger Solem i sak 12/10, økonomisjef Sigmund Strand møtte i sak 08/10, 09/10 og 10/10. I sak 11/10 møtte ordførar Knut Støbakk og rådmann Martin G. Bostad.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

SAK 12/10

B-SAK OM RUSBEHANDLING OG YTINGAR FRÅ KOMMUNEN

Saksdokument datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet med vedlegg.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til brev frå fylkesmannen datert 02.02.2009 som tek opp diverse manglar i kommunen si behandling i saka og som konkluderer med at tilsynssaka no er avslutta frå

fylkesmannen si side. Med bakgrunn i dette vil kontrollutvalet ikkje gå nærare inn i saka og føreset at kommunen tek ovannemnde brev frå fylkesmannen til etterretning.

SAK 07/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. MARS 2010

Kontrollutvalet sin samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 16. mars 2010 blir godkjent.

SAK 08/10

ÅRSMELDING 2010 – GISKE KOMMUNE

Innstilling datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Giske kommune til orientering.

SAK 09/10

KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – GISKE KOMMUNE

Innstilling datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent
2. Kontrollutvalet vil påpeike at det innan enkelte ansvarsområde ligg føre overskridingar i høve vedteke budsjett. Arbeid med økonomistyring bør ha prioritet.

SAK 10/10

**KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I GISKE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 15.04.2010 frå Skatteetaten til orientering.

SAK 11/10

SAK OVERSENDT FRÅ GISKE VENSTRE

Saksdokument datert 26.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering gitt av ordførar og rådmann

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til orientering om regelverket omkring møteoffentlegheit og saksoffentlegheit og tek saka til orientering.

SAK 13/10

ORIENTERING FRÅ REVISOR KNYTT TIL INTERN KONTROLL JF SAK 04/10
(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møteslutt kl. 14.25.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Gunnar Morsund
medlem
(sign.)

Sigvald Sæther
varamedlem
(sign.)

Ruth Roald
varamedlem
(sign.)